



Møteprotokoll

Utval:	Administrasjonsutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Combisenteret, Fiskå
Dato:	09.06.2026
Tid:	kl 14:00 - 16:00

Frammøtte

Njål Sivertstøl
Elisabet Lauvstad Haugen
Per-Johnny Brekke
Lena Marie Landsverk

Representerer

Ap
Frp
H
V

Funksjon

leiar
nestleiar
medlem
medlem

Forfall

Paul Sindre Vedeld

Representerer

SP

Varamedlem

Representerer

Andre som møtte

Karoline Lundås
Monika Seljeseth
Monja Garshoel Berge
Wivi-Ann Koppen
Aasta Hamre

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 09/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/561
PS 10/26	Godkjenning av protokoll	26/561
PS 11/26	Orienteringar	26/561
PS 12/26	Referatsaker	26/561
PS 13/26	Eventuelt	26/561

Fiskå, 12.06.2026

Njål Sivertstøl

PS 09/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent

Behandling:

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 10/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent

Behandling:

Merknad til mangelfull møteprotokoll frå førre møte

Møteprotokollen vert godkjent

PS 11/26 Orienteringar

Vedtak:

Framlagde orienteringar vart tekne til vitande.

Behandling:

1. Omstillingsplan 1- konsekvensar:

Kommunalsjefen orienterer om prosessen og arbeidet gjennom del 1, og konsekvensar ein ser i dag. Organisasjonen er sterkt redusert, noko som naturleg vil gi konsekvensar, både for tilsette og innbyggjarar. Det blir frå tillitsvalde løfta bekymring kring at det feller meir oppgåver på tilsette som er igjen i organisasjonen og ein ser dette som sårbart. Det blir stilt spørsmål og ønske om evaluering av organisasjonskartet. Informasjonen i omstillingsplan 1 blir trekt fram som god, med vesentlege e-postar frå kommunedirektøren. Det er ynskje om at slik informasjon frå leiinga/ kommunedirektør er viktig å halde fram med i del2.

2. Sjukefråvær- status: 11,03% pr d.d, målet er 8,5%.

Det er spesielt HEOM som har høgst fråvær. Dei andre sektorane er innanfor målsettinga. Ein må arbeide vidare med å redusere sjukefråværet. HR leiar har fokus på dette og kan tilby hjelp til avdelingar med høgt fråvær. Ein har også dialog med NAV-arbeidslivssenteret for spesifikke tiltak i avdelingar med høgst fråvær.

3. Vidare omstillingsarbeid-Omstillingsplan 2:

Omstillingsplan 2 skal gje innsparingar på ytterlegare 13 million, der administrasjonen er utfordra til å finne tiltak for å redusere 10 million. Tiltak og forslag til omstillingsplan 2 er kartlagt ved at det er etablert arbeidsgrupper for dei ulike sektorane, samt «ikkje lovpålagte tenester». Arbeidsgruppene er satt saman av leiarar i administrasjonen, tillitsvalte og verneombod. Arbeidsgruppene har hatt brei involvering og framkjem som ein god måte å jobbe på. Ein har frå gruppene samla lagt fram forslag om totalt 12 990. 728 i innsparing

Samla innsparing I Omstillingsplan II

Frå 1. januar 2027 — alle fire arbeidsgrupper



Ein vil omgåande starte arbeid med ROS analyse knytt til tiltak i omstillingsplan 2. Det er ønske om vidare informasjonsmail/skriv frå leiinga under vidare omstilling.

4. HR informerer:

- Revidering av tilsettingsreglement
- AMU- Arbeidsmiljøutval

PS 12/26 Referatsaker

Vedtak:

Behandling:

PS 13/26 Eventuelt

Vedtak:

Behandling: